

Kvartalsrapport for

1. kvartal 2016



Valle Sparebank

Delårsrapport 1. kvartal 2016

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapen for 2015. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 31.03.16 er forvaltningskapitalen på 1.371,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 15,3 mill. kroner, eller 1,1 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 31.03.16 på 1.216,9 mill. kroner, som er ein vekst på 66,9 mill. kroner, eller 5,8 % i forhold til samme tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 21,9 mill. kroner eller 1,8 % i forhold til 01.01.16. Banken har ved utgangen av 1. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 432,0 mill. kroner, ein auke på 47,3 mill. siste 12 månadar. Total utlånsendring (eigen balanse og EBK) er 7,4 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 31.03.16 på 1.065,3 mill. kroner, som er ein auke på 37,7 mill. kroner, eller 3,7 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 87,5 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstall 89,4 %. Det har vore ein nedgang i innskot på 2,7 mill. kroner eller 0,3 % sidan 01.01.16.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 1,9 mill. kroner, mot eit overskot på 2,2 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 1,4 mill. kroner, mot eit overskot på 1,6 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 7,1 mill. kroner, som er 0,7 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 2,07 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,88 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 1,5 mill. kroner, som er ein nedgang på 0,4 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 5,7 mill. kroner mot 5,5 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 4,1 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 4,3 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjør ein kostnad på 0,98 mill. kroner, mot ein kostnad på 0,52 mill. kroner til same tid i fjor. Størstedelen av tapskostnadene er avsetningar på engasjement som har svak inntening, eller har for låg trygd til å dekke engasjementets storleik.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 170,2 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal 2016. Dette gir ei kapitaldekning på 22,49 % uten at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utlån til personmarknaden utgjør 1058,7 mill. kr (1004,4 på same tidspunkt i fjor) eller 87 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjør 158,2 mill. kr (145,7 på same tidspunkt i fjor) eller 13 % av samla utlån i eigen balanse.

Utsikter for resten av året

Rentemarginen har auke noko i høve til på same tid i fjor, medan provisjonsinntektene frå formidling av bustadlån har minka. Dette speglar konkurransesituasjonen og eit lågt rentenivå. Likviditetssituasjonen er betryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsauken har så langt i år vore høgare enn budsjettert.


Styret forventar hard kamp om kundane framover, og kundevekst er ei utfordring for bankane. Ny forskrift skjerpar krava til kven som kan få bustadlån, noko som truleg vil redusere den generelle kredittveksten noko. I sin tur kan dette føre til at det vert endå vanskelegare å oppnå nødvendig volumvekst. Styret opplever likevel at Valle Sparebank framstår som ein attraktiv bank, og såleis står godt rusta til å møte konkurransen.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.


Jostein Rysstad
(styreleiar)



Frode Buen

Valle, 25.april 2016


Olav K. Mosdøl
(nestleiar)

Gro Haatveit


Magnhild Bjørnara


Vidar H. Homme
(Adm. banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i heile tusen

31.03.15	31.12.15	31.03.16		31.03.16	31.12.15	31.03.15
3,64 %	3,40 %	3,02 %	Renteinntekter og liknande inntekter	10.280	46.677	12.210
1,76 %	1,39 %	0,95 %	Rentekostnader og liknande kostnader	3.230	19.035	5.891
1,88 %	2,02 %	2,07 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.050	27.642	6.319
0,01 %	0,13 %	0,00 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	1.762	20
0,65 %	0,62 %	0,50 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.711	8.501	2.196
0,11 %	0,11 %	0,13 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	434	1.513	374
0,00 %	-0,03 %	0,04 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmi	152	-460	0
0,02 %	0,02 %	0,02 %	Andre driftsinntekter	67	304	72
0,57 %	0,63 %	0,44 %	Sum andre driftsinntekter	1.496	8.594	1.914
1,28 %	1,25 %	1,20 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	4.100	17.119	4.278
0,03 %	0,04 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	108	537	91
0,33 %	0,41 %	0,43 %	Andre driftskostnader	1.467	5.599	1.106
1,63 %	1,70 %	1,66 %	Sum andre driftskostnader	5.675	23.255	5.475
0,82 %	0,95 %	0,84 %	Driftsresultat før tap	2.871	12.981	2.758
-0,16 %	-0,16 %	-0,29 %	Tap på utlån, garantiar m.v.	-976	-2.161	-523
0,00 %	0,00 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmid	0	32	0
0,67 %	0,79 %	0,56 %	Resultat av ordinær drift før skatt	1.895	10.852	2.235
0,19 %	0,22 %	0,15 %	Skatt på ordinært resultat	510	3.030	626
0,48 %	0,57 %	0,41 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	1.385	7.822	1.609

Balanse

Beløp i hele tusen

Eigedelar	31.03.16	31.12.15	31.03.15
Kontantar og fordringar på sentralbankar	13.011	13.178	15.908
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	12.474	22.883	40.347
Utlån til og fordringar på kundar	1.216.931	1.195.008	1.150.053
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-2.278	-1.825	-2.249
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.212.053	1.190.583	1.145.204
Overtatte eigedelar	4.650	7.150	7.150
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	65.419	77.350	85.007
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	43.239	43.169	41.254
Eigarinteresser i tilknytt selskap	0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle eigedelar	0	0	333
Varige driftsmidler	14.991	15.100	14.660
Andre eigedelar	371	566	628
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	5.275	3.838	5.725
Sum eigedelar	1.371.483	1.373.817	1.356.216
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	110.211	110.406	135.290
Innskot frå og gjeld til kundar	1.065.324	1.068.010	1.027.627
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0	0	0
Anna gjeld	4.382	6.878	3.841
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	4.640	1.755	7.704
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	111	111	1.866
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.184.668	1.187.160	1.176.328
Opptent eigenkapital	185.430	186.657	178.279
Udisponert overskot	1.385		1.609
Sum eigenkapital	186.815	186.657	179.888
Sum gjeld og eigenkapital	1.371.483	1.373.817	1.356.216
Vilkårsette skyldnader	48.236	48.459	65.142
Skyldnader	44.636	44.646	57.332

Tap på utlån	31.03.16	31.12.15	31.03.15
Mislegholdne lån:			
Brutto mislegholdne lån:	8.137	2.651	7.706
Netto mislegholdne lån:	7.995	2.466	6.797
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje mislegholdne lån	18.866	15.843	5.743
Netto tapsutsette, ikkje mislegholdne lån	16.736	14.203	4.443
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskriving på individuelle utlån og garantiar	453	-424	0
+ Periodens endring i nedskriving på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	0	1.396	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	529	1.284	526
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	-6	-95	3
Periodens tapskostnader	976	2.351	523

Kvartalsvis resultatutvikling (Tal i heile tusen)	1.kvartal 2016	4.kvartal 2015	3.kvartal 2015	2.kvartal 2015	1.kvartal 2015
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	10.280	10.905	11.777	11.785	12.210
Rentekostnader og liknande kostnader	3.230	3.607	4.406	5.131	5.891
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.050	7.298	7.371	6.654	6.319
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	16	35	1.691	20
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.711	2.080	2.212	2.013	2.196
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	434	392	368	379	374
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	152	-51	-416	7	0
Andre driftsinntekter	67	63	77	92	72
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.100	4.356	3.978	4.507	4.278
Avskrivingar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	108	264	91	91	91
Andre driftskostnader	1.467	1.610	1.228	1.655	1.106
Resultat før tap og skatt	2.871	2.784	3.614	3.825	2.758
Tap på utlån, garantiar m.v.	-976	-768	-357	-513	-523
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	32	0
Skatt på ordinært resultat	510	1.116	831	457	626
Resultat av ordinær drift etter skatt	1.385	900	2.426	2.887	1.609

Nøkkeltal	31.03.16	31.12.15	30.09.15	30.06.15	31.03.15
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	2,07 %	2,02 %	1,99 %	1,92 %	1,88 %
Driftsinntekter	0,44 %	0,63 %	0,67 %	0,79 %	0,57 %
Driftskostnader	1,66 %	1,70 %	1,66 %	1,74 %	1,63 %
Resultat for rekneskapsåret	0,41 %	0,57 %	0,68 %	0,67 %	0,48 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	3,00 %	4,19 %	5,19 %	5,09 %	3,66 %
Kostnader i % av totale inntekter	66,41 %	64,18 %	62,54 %	64,05 %	66,50 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	67,61 %	63,37 %	61,62 %	64,07 %	66,50 %
Tap i % av brutto utlån	0,08 %	0,18 %	0,12 %	0,09 %	0,05 %
Netto ansvarleg kapital	170.213	171.562	160.191	160.520	161.565
Kjernekapital	170.213	171.562	160.191	160.520	161.565
Tilleggskapital	0	0	0	0	0
Risikovekta balanse	757.000	757.263	758.950	778.725	754.775
Kapitaldekning i %	22,49 %	22,66 %	21,11 %	20,61 %	21,41 %
12 mnd forvaltningsvekst	1,13 %	0,58 %	2,03 %	2,30 %	0,47 %
12 mnd utlånsvekst	5,82 %	3,80 %	5,54 %	6,35 %	4,45 %
12 mnd innskuddsvekst	3,67 %	3,04 %	4,98 %	4,98 %	3,47 %
Innskudd i % av utlån	87,54 %	89,37 %	86,78 %	88,31 %	89,35 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.371.059	1.371.111	1.367.319	1.361.097	1.359.788
Antall årsverk	13,0	13,0	13,0	13,5	14,5